



Prøvesmaking pågår i Dønhaugkjedlaren

Alt er i kveld klart for Kvinnherad-meisterskap i juleølbryggjing samt uppskoka i Dønhaugkjedlaren laurdag kveld. Det er påmeldt 50, men framleis plass til 10, opplyser Humlepungen Bryggjarlag til uskedalen.no

Kvinnheringen står som arrangør av tevlinga, som i fjor vart halden for første gong med Humlepungen Bryggjarlag som vinnar.

I år er dese seks bryggjarlaga påmelde::

- * Avkroken Bryggjarlag frå Røyrvikjo
- * Kjetil Fossheim og Sindre Seglem frå Seimsfoss
- * Julastompen Småbryggjarlag frå Bringedalsbygda
- * Vetle Feet Småbryggjarlag - 4 jenter frå Bergen
- * Det lille Ølve Bryggeri frå Ølve
- * Humlepungen Bryggjarlag frå Uskedalen

I tillegg har nokre meldt frå om at ein tek brygg med og vil ta del i meisterskapet om det let seg gjera.

Juleølet skal vera levert dommarane to timar før uppskoka tek til.

Det er lagt opp

til blindtest i lukka rom. Dommarane vil ikkje la seg påverka av noko, blir det understreka.

Dommarane, Øyvind Lund, Jon Kråkevik og Steinar Nilsen, kjem frå Sørfjorden i Hardanger.

Dei er alle kjende frå arbeid med siderproduksjon,

ølbryggjing og lokal bygdeutvikling.

Leif Stana frå Tyssedal vert ikkje med som dommar i år.

Stana leverer nemleg alt råstoffet til fleire av bryggjarlaga i Kvinnherad.

Under Uppskoka blir det servert betasuppe som Kjell Tungesvik er meister for og bryggjarlaget stiller med eige orkester. Det blir også andre underholdningsinnslag.

Tekst og foto Ola Matti Mathisen



Song og spel høyrer også med under uppskoka, .